



Alver kommune, Plan og byggesak
Einar Aase
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 02de5df9-6cfb-48c4-8fda-
b55d3c9ddc47

Vår: 22/2275 - 22/28661

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

11.04.2022

Uttale frå landbruksavdelinga til søknad om oppføring av reiskapshus- gbnr 133/1 Soltveit søndre

Tiltak: Reidskapshus/garasje
Byggjestad: Gbnr: 133/1
Tiltakshavar: S veinung Tofting

Saka gjeld søknad om oppføring av reiskapshus med BRA på 120 m². Eksisterande BRA for eigedom er opplyst til 456 m² BRA. BRA for eigedom etter tiltak vil vere 576 m²

Gbnr 133/1 er ein liten landbrukseigedom som i gardskart er registrert med 2,3 daa overflatedyrka areal, 1,9 daa innmarksbeite, 36,7 daa produktiv skog og 4,2 daa anna markslag, sum 60,8 daa. Eigedomen består av 7 teigar. Arealet sør om tunet som i dag er registrert som produktiv skog var tidlegare beitemark, så jordbruksarealet har vore større tidlegare. Det er registrert våningshus og driftsbygning på eigedomen, og søkjar opplyser om at hovedteigen er i bruk som beite.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Knarvik, Alversund og Alverstraumen sin arealdel er definert som bustad. Jordlova sine reglar om omdisponering og deling (§ 9 og 12) gjeld ikkje for areal som er regulert til andre føremål enn landbruk.

Fram til arealet er regulert og bygd ut vil det framleis kunna drivast som ein landbrukseigedom og reglane om t.d. driveplikt eller tilskot til jordbruksareal kan gjerast gjeldande.


Sjølv om dette er ein mindre landbrukseigedom som ikkje er i drift er det mange vedlikehaldsoppgåver som gjerding, grøfting, rydding, hogst, vedlikehald av bygningar og vegar. m.fl. Trongen for å ha maskiner og utstyr for vedlikehald av jord, skog og bygningar er difor til stades. Å få traktor og anna utstyr under tak er god økonomi som gjer at utstyret har lengre levetid.

Det er positivt for samfunnet at slike små landbrukseigedomar vert teke vare på og skjøtta. Særleg i tett bebygde områder kan slike grønne lunger vera viktige. Auka fokus på sjølvberging og småskala produksjon har gjort slike eigedomar meir attraktive enn før.

Det har ikkje vorte starta arbeid med regulering på dei meir enn 20 år sidan arealet vart sett av til bustad i arealplan, og så langt me kjenner til er det usikkert når det vil verta gjennomført regulering.

Fram til det eventuelt skjer må eigedomen kunna drivast som ein liten landbrukseigedom, og omsynet til landbruksdrifta bør kunna telja med i vurderinga om dispensasjon skal givast.

Landbruksavdelinga er difor positiv til at det vert gitt dispensasjon for oppføring av reiskapshus.



Gardskartet syner at bygget skal plasserast på areal som er registrert som bebygd/samferdsel, så det vil ikkje verta noko tap av dyrka mark. Plassering inngår som naturleg del av eksisterande tun-

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune, Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG